

Vedkomande reduksjon av tal tannklinikkar i Sogn og Fjordane.

Uttale frå fylkesstyret i Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane.

Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane har motteke vedlagde resolusjon frå Stadt Pensjonistlag, og handsama den på styremøte 26.01.16. I tillegg har vi motteke fleire sterke reaksjonar på same saka.

Styret støttar dei synspunkt som kjem fram i resolusjonen, og vil leggje til fylgjande:

- ✓ Iflg. NRK Sogn og Fj. har fylkestannhelsedirektør Clara Øberg gjort framlegg om å leggje ned 13 tannhelseklinikkar av dei 26 som no finst i fylket. Sjølv sagt gjeld dette tannhelseklinikkar i utkantkommunar der pasientane vil få vesentleg lenger reiseveg med dei ekstra ulemper og utgifter dette vil føre med seg.
- ✓ I tillegg vert det antyda ein dramatisk auke i eigenandelen for reiseutgifter til tannklinikane.
 - I dag er det ein eigenandel på kr 135,- for desse gruppene: inntil 18 år, psykisk utv.hemma, personar med funksjonshemming, dei som mottok heimesjukepleie, (born under 16 år gratis).
 - Tannhelsedirektøren antydar, (framleis iflg. NRK), at vi ligg lågt i høve til enkelte andre fylkeskommunar, som har eigendelar opp til kr 1000,-.
- ✓ Pensjonistforbundet Sogn og Fjordane peikar på at denne saka gjeld store deler av fylket, og at den på fleire måtar går ut over dei svakaste gruppene i lokalsamfunna, både når det gjeld økonomi og velferd. Eldre og uføre har stort behov for god tannpleie, det er ofte avgjerande for å ha ein god helsetilstand.
- ✓ Fylkesstyret synest det vil vere ei fallitterklæring dersom fylkespolitikarane går inn for eit slikt framlegg som dette. Dersom fylkeskommunen må føreta innsparingar, må det vere mogeleg å ha større fantasi enn å ta bort naudsynte velferdsgode frå dei svakaste gruppene og frå dei frå før hardt belasta utkantane i fylket.
- ✓ Vi vil bruke så sterke ord at vi synest det er skammeleg dersom slike tiltak vert gjennomførde nokre få månader etter ein valkamp der partia hadde heilt andre lovnader til folket i Sogn og Fjordane.

Førde 28.01.2016.

Med helsing

Per Kjelstad
Styreleiar

Laila Hage
Dagleg leiar

Vedlegg.